



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Rauma kommune - Vengåkraft AS – Bygging av Vengåa kraftverk. Fråsegn til søknad om konsesjon.

Møre og Romsdal fylke har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Bakgrunn

- Vengåkraft AS vil utnytte fallet i Vengåa frå kotehøgde 353 ned til eit kraftverk på kote 60
- Maksimal slukeevne er på 1866 l/s. Dette er om lag 210 % av middelvassføringa, som er oppgitt til 888 l/s . Minimum slukeevne er på 90 l/s og alminneleg lågvassføring er rekna til 75 l/s.
- Det er føresett minstevassføring på 75 l/s.
- Vassvegen blir om lag 2,5 km som skal gravast ned på heile strekninga.
- Det blir bygt ein anleggsveg på 1,1 km frå kraftstasjonen på kote 60 til kote 220.
- Det er rekna med ein midlare årsproduksjon på ca. 13,3 GWh med installert effekt på 4,1 MW.

Vurdering

Det er tidlegare (11.04.2003) gitt konsesjonsfritak for ei mindre utbygging på omtrent same fallstrekning. Rauma kommune har også gitt dispensasjon frå kommuneplanen til denne utbygginga (28.01.09), med inntaksdam på kote 360 og kraftstasjon på kote 60. Kommunens vedtak vart påklaga av fleire, men vedtaket vart seinare stadfesta av fylkesmannen.

Samanlikna med det ovannemnde vil det nye kraftverksprosjektet utnytte vesentleg meir av vatnet; 210 % av middelvassføringa mot 40 % i det første prosjektet. Når eit vesentleg større prosjektet no blir fremja som ein konsesjonssøknad i det same utbyggingsområdet, er det vere grunn til å sjå nærare på særleg to forhold: konsekvensar for landskap/friluftsliv og anadrom fisk.

Landskap og friluftsliv

Venjesdalen er ein svært viktig innfallspport til kjente fjell og turområde som Romsdalshorn, Venjestindan, Blånebbba og Romsdalseggen. Dette området har derfor høg verdi for friluftslivet. Gjennom Venjesdalen går det både veg og kraftline. Området er såleis ikkje urørt. Nye inngrep kan gi ein uheldig sumeffekt. Skal ein skal tillate nye inngrep i dette området må derfor landskapsomsyn vere avgjerande.

Inntaksdammen er lokalisert like nedanfor hytte/sætergrenda Venjesdalssætra. Gjennom tidlegare saksbehandling har det kome fleire protestar til denne lokaliseringa. Vi registrerer at inntaksdammen er flytta frå kote 360 til kote 353. Dammen vil ligge ca. 20 m frå vegen inn Venjesdalen og dermed svært synleg både frå veg og hyttefelt.

Vi saknar ein nærare vurdering om flytting av inntaksdammen lenger ned vil vere ei betre løysing landskapsmessig sett. Pga. snøforholda har vi ikkje hatt moglegheit til å vurdere dette på eigen synfaring. Vi føreset at NVE tar opp dette som tema ved ei eventuell sluttsynfaring.

Fisk

Utløpsvatnet frå kraftstasjonen går ut i Glutra om lag 400 m nedanfor samløpet med Vengåa. Glutra fører anadrom fisk (laks og sjøaure) langt ovanfor dette samløpet. Også deler av Vengåa er anadrom. Vi er usikre på nøyaktig kvar vandringshinderet for anadrom fisk er. Hausten 2011 vart fleire vassdrag i Rauma kommune kartlagt som førebuing for behandling av vassdraga mot *Gyrodactylus salaris* i 2013. I det kartmateriale vi har mottatt er behandlingsspunkt vist ved ca. kote 140, altså om lag 750 m ovanfor samløpet med Glutra. Fylkesmannen kjenner ikkje til den biologiske produksjonen i elva på denne strekninga.

I Miljørapporten blir det uttalt at «Utanom bekkeare, er vassdraget for det meste sett på som fisketomt i heile utbyggingsområdet». Forholdet til anadrom fisk er ikkje nærare vurdert i søknaden. Fylkesmannen kjenner ikkje til at det er knytt sportsfiske interesser til Vengåa. Sideelver kan i mange vassdrag likevel vere av stor betydning for produksjon av anadrom fisk. Også mindre system kan ha betydning for oppvekstvilkåra for anadrom fisk og for anna biologisk produksjon, og har også betydning som bidrag til hovudvassdraget. I utgangspunktet kan vi derfor vanskeleg tilrå ei utbygging som i stor grad reduserer vassføringa på anadrom strekning utan at eventuelle konsekvensar er nærare vurdert.

Naturmangfaldlova § 8 og § 9 (kunnskapsgrunnlaget og føre-var-prinsippet) tilseier at det må gjerast nærare vurderingar av moglege konsekvensar for anadrom fisk som følgje av ei eventuell utbygging. Dette gjeld både på anadrom strekning i Vengåa, men også for bortfall av vatn i Glutra på den 400 m lange strekninga frå samløpet mellom elvane til utøpet ved kraftstasjonen. Avhengig av resultatene av desse vurderingane må ein kome nærare tilbake til spørsmålet om minstevassføring i Vengåa og eventuell stasjonsplassering og utløp i Glutra.

Biologisk mangfald

Vi kjenner ikkje til særskilte naturfaglege registreringar i området ut over det som er omtalt i rapporten om biologisk mangfald som er lagt ved søknaden. Vi har heller ikkje vesentlege merknader til utgreiinga og konklusjonane i rapporten.

Forureining

Vi kan ikkje sjå at utbygginga vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt behandling etter forureiningslova.

Konklusjon

Fylkesmannen viser til merknadene over.

- Før vi kan tilrå ei utbygging som omsøkt må konsekvensane for anadrom fisk vere nærare vurdert. Omfanget av anadrom strekning må klarleggjast og det bør prøvafiskast for å kartlegge eventuell produksjon av anadrom fisk på denne

elvestrekninga. Resultata av dette vil kunne gi meir kunnskap om kva avbøtande tiltak som må til.

- I prosjektet må det leggjast stor vekt på landskapstilpassing. Lokalisering av inntaksdammen bør vurderast nærare.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
seksjonssjef

Lars Kringstad
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde
Rauma kommune	Vollan 8 A	6300	Åndalsnes